

Skatteoppgjeret 2011

2 640 skattyttarar har no fått tilsendt skatteoppgjeret.

Det er utlikna til saman 188 mill. kroner i skatt. Dette er 15 mill. kroner (8,7 %) meir enn i fjor.

Tilleggsforskot

Før fristen 31.mai betalte 163 personar inn tilleggsforskot på til saman 4,4 mill. kroner.

Innbetalt tilleggsforskot for inntektsåret 2010 var 3 mill. kroner.

Til gode

Om lag 19,2 mill. kroner er no utbetalt til 1 869 skattyttarar. Dette er 0,5 mill. kroner mindre enn i fjor. 22 skattyttarar får til gode over 50 000 kroner.

Alle tilgodebeløp skal vere utbetalt i veke 26.

Restskatt

376 skattyttarar skal betale restskatt på til saman kr 3,1 mill. Dette er kr 200 000,- mindre enn ved oppgjeret i fjor. 9 av skattyttarane må betale over 50 000 kroner.

Innbetalingsblankettane vert utsendt i byrjinga av juli.

Suksessive skatteoppgjer

For inntektsåret 2011 er ordninga med successive skatteoppgjer utvida frå 4 til 14 puljer. Dette betyr at det frå 25. juli vert sendt ut skatteoppgjer kvar veke, heilt fram til hovudoppgjeret som skal vere klart 17. oktober.

Informasjon og klage

Skattekontoret, tlf. 800 80000, kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Frist for å klage på likninga er 11. august.

Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Kommunal planstrategi

Skodje kommune har viktige roller

- som samfunnsutviklar
- som forvaltar av lovverk og fellesinteresser
- som arbeidsgjevar og tenesteleverandør

Kommuneplanen sin visjon:

«Skodje, den gode bukommunen med utfordringar, mangfald og trivsel»

- inneber at tenestene i Skodje skal vere med på å skape eit trygt og utviklande oppvekst- og bumiljø, der alle kjenner ansvar for seg sjølv og andre. Born og unge skal vekse opp i trygge omgjevnader som stimulerer dei til å bli sjølvstendige individ, og styrkar identiteten deira.

Skodje kommune skal tilby framtidretta tenester med høg kvalitet, utført av personale med høg kompetanse, slik at innbyggjarane har tilgang til eit likeverdig tilbod og kjenner seg trygge på at deira rettar vert tekne vare på.

Kommuneplan 2007-2017 - samfunnsdelen, er det overordna styringsdokumentet til kommunen. Det er denne planen som skal danne grunnlag for all kommunal drift og teneste-produksjon.

Kva er ein kommunal planstrategi?

I samsvar med § 10-1 i plan- og bygningslova, skal kommunestyret vedta kommunal planstrategi kvart 4. år og minst ein gong i kvar valperiode.

Arbeidet inneber ei vurdering av kommunen sitt planbehov og ei prioritering av dei viktigaste planoppgåvene. Planstrategiarbeidet skal gi oss ei avklaring på om kommuneplanen bør rullerast i sin heilskap, eller om delar av denne, t.d. utvalde områder eller utvalde tema, bør vurderast på nytt.

Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrt, og ikkje skal gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Planstrategi for Skodje kommune 2012-2016

Skodje kommune har utarbeidd eit høyringsdokument med forslag til planstrategi for perioden 2012-2016.

Skodje kommunestyre vedtok i møte 26.06.12 å sende forslaget over til nabokommunar og statleg og regionalt planmynde for uttale. Det er ei målsetjing for kommunen at innbyggjarane skal få innsyn i planstrategiarbeidet, og høve til å kome med innspel.

Føremålet med planstrategiarbeidet er å få ei oversikt over det kommunale plangrunnlaget, og å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ei ønska utvikling i kommunen.

Høyring

Høyringsdokumentet og forslag til planstrategi kan du få ved å kontakte Skodje kommune på telefon 70 24 40 00. Saksdokumenta som ligg til grunn for planstrategiarbeidet ligg også tilgjengeleg på skodje.kommune.no.

Høyringsdokumentet inneheld ei oversikt over premissa som ligg til grunn for planstrategiarbeidet. Dette er til dømes utviklingstrekk innanfor folketal, helsetilstand og levekår. Oversikt over status på utdanningsnivået i befolkninga, informasjon om arbeidsplassar og forholda for næringslivet er gjort greie for.

Dokumentet gir vidare ei oversikt over gjeldande planar, samt innsyn i nasjonale og regionale forventningar og ei samla vurdering av planbehovet i 4-årsperioden.

Eventuelle innspel til planstrategiarbeidet bør vere skriftlege, og skal sendast til Skodje kommune, 6260 Skodje, før **1. september 2012**.



Skodje kommune ønskjer alle

God sommar!

Litt av kvart

Biblioteket

Biblioteket er stengt i veke 28, 29 og 30.

Siste opningsdag før ferien:
Fredag 6. juli

Første opningsdag etter ferien:
Måndag 30. juli.

Spesialavfall

Levering/mottak av spesialavfall på Prestemarka v/gartneriet er nedlagt. Innbyggjarane i Skodje kommune kan levere spesialavfall på Bingsa avfallsmottak.

Åpningstider Bingsa:

Måndag-fredag: kl. 07.50 - 15.00

Torsdag: kl. 07.50 - 18.00

Laurdag: kl. 08.30 - 13.00

Meld frå om adresseendring

Skodje kommune har problem med post som kjem i retur til rådhuset fordi adresselistene våre ikkje er godt nok oppdatert.

Vi ber alle som mottok faktura frå kommunen, og som har endra adresse den siste tida, om å ta kontakt med oss og oppgi den nye adressa.

Dette gjeld både postboks- og gateadresser.

Ta kontakt med servicekontoret, eller send gjerne e-post til postmottak@skodje.kommune.no.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 14. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 7. september.

Tidleg Tverrfagleg Innsats (TTI)

TTI er eit tverrfagleg team frå Skodje kommune, PPT og BUP. Grappa er sett saman av spesialpedagog, barnevernpedagog, helsesøster, familierapeut og psykolog som dreg veksling på kvarandre sin kompetanse og gjev eit oppfølgingstilbod til familiar som treng det i ein kortare periode. Tilbodet er eit lavterskeltilbod.

Målgruppa er born i alderen 0-6 år og deira familiar som har litt større utfordringar enn andre, men der utfordringane for barnet ikkje er store nok til å melde sak til PPT, BUP eller barnevern.

Barnehagepersonell og foreldre kan ta kontakt for å be om rettleiing i forhold til ulike utfordringar. Døme på utfordringar TTI-gruppa gjev rettleiing om er mat, søvn, søskenproblematikk, sinne og grensesetjing.

Dersom ein ynskjer kontakt med TTI-gruppa kan ein kontakte helsesøster, barnevern eller PPT.

Frisklivssentral

Aase Kristin Bolstad er tilsett som dagleg leiar for Frisklivssentralen og startar i stillinga 13. august. Frisklivssentralen vert plassert i Brabil-bygget og vil i løpet av hausten gi eit aktivitetstilbod.

Helsedirektoratet rår alle kommuner til å etablere ein Frisklivssentral.

"Frisklivssentralene har et strukturert henvisnings-, og oppfølgingssystem for personer med behov for å endre helseatferd, primært fysisk aktivitet, kosthold og røykeslutt. Personer kan bli henvist av helsepersonell eller kontakte frisklivssentralen på eget initiativ, og man trenger ikke å være syk eller ha en diagnose".

I byrjinga av september vil det bli invitert til eit åpent møte om Frisklivssentralen.



Dette skjer

Skodjedagane 2012

15. og 16. september
i Gomerhuset på Skodje

Interesserte utstillarar kan ta kontakt for informasjon og påmelding:

Siv Merete Torheim (952 60 837) eller Else Karin Stenseth (943 64 769)

Det vert også i år loppemarknad. Skulekorpsset kjem attende med meir informasjon om tid og stad for levering av gjenstandar til loppemarknaden.

Vi vil oppmode andre som ønskjer å bidra under messedagane, t.d. med dugnadsarbeid eller kakebaking, om å ta kontakt med Ingunn Stette (908 48 980) eller Tove Nygård (473 14 760).

Arr: Skodje skulekorps

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no